



EG ER "KOM TRYGT HEIMATT" -AMBASSADØR



Årdal kommune

«Kom trygt heimatt» i Årdal

Tiltaket fremjar trygg trafikk ved å gjere tilsette og bedrifter til gode ambassadørar for trafikksikkerheit – både i arbeid og fritid.

Prosjektet er eit samarbeid mellom politiet og Årdal «Tenk tryggleik», og startar med føredrag og opplæring for kommunalt tilsette som køyrer tenestebilar. Her blir det lagt vekt på sikker køyring og på korleis ein kan representere kommunen på ein god måte.

Tiltaket blir støtta av informasjonsmateriell og fem hovudpunkt om trygg åtferd i trafikken, og skal gradvis utvidast til lokale bedrifter som drosjeverksemd, posten og leverandørar. Målet er å skape ein varig haldningsendring til trafikksikkerheit i lokalsamfunnet.